

Ny løysing på Ytre Eik

19.06.2011

Byggpartner Kvinnherad (Frode Bu) fekk avslag på søknad om byggjig av ei hytte nær fylkesvegen på Ytre Eik og no har han kome med eit forslag til løysing som han håpar kan tilfredsstilla alle partar.

Plaseringa er no 10 meter frå midtlinja på fylkesvegen mot 8 meter på det tidlegare forslaget.

10 meter er samme avstand som bustadhuset på nabotomta har og det ligg eit naust frå før på den aktuelle tomte som er nærare.

Hytta er utforma slik at det er netongvegg mot vegen. Alle 3 vegger som vender mot denne bli lydisolerte i begge plan, også yttertaket på sørsida.

Støyproblematikk løysast ved å installera balansert ventilasjon med inntak på sjøsida, melder Bu til kommunen.